

# ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2024

| | |
|---|---|
| Teatersjefens årsrapport | 6 |
| Resultatrekneskap | 18 |
| Balanse | 20 |
| Notar | 26 |
| Revisors beretning | 28 |
| Statistikk | 30 |
| Nøkkeltal | 31 |
| Økonomisk resultat | 31 |
| Repertoar | 46 |
| Tilsette | 42 |
| Styret | 43 |
| Representasjon | 43 |



Framsidebilete: Kjersti Sandal i Jordmor på jorda. Foto Erik Birkeland
Utgjevar: Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal
Ansvarleg utgjevar: Kristian Lykkeslet Strømskag
Redaksjon: Kristian Lykkeslet Strømskag, Knut Lidvard Høgset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
Utforming: Rolf-Inge Pedersen Hjelseth



## TIL OSS - FRA DE ELDSTE

Med tekster av
**Linn Skåber** og **Astrid Overaa**

Med
**Astrid Overaa**

Musiker
**Jan Gunnar Åkre** /
**Gunnar Bjelland**

Regissør **Eldrid Schrøder Kvalvik**

Premiere 25. oktober 2023
på Teaterfabrikken, Ålesund

Framsyningar: 7 (2023)
Publikum: 535 (2023)
Framsyningar: 30 (2024)
Publikum: 2 572 (2024)

**«...livsnærhet både eldre og langt yngre burde få servert på blå resept"**
**SUNNMØRSPOSTEN/ROMSDALS BUDSTIKKE**



# Fellman gjør en glitrende tolkning av den vrakede og rasende sjalu kvinnen. Viser oss kjærlighetens svarteste vrangside.

**ROMSDALS BUDSTIKKE**

Den finske regissøren Tatu Hämäläinen gjorde stor suksess på Teatret Vårt for tre år sia med «Scener fra et ekteskap». Saman med same scenograf og musikar som den gongen er han nå henta inn att for å setje opp «Medea». Nok ein gong syner dei oss at det er teater utan dei store geberdar og effektar som kan bli dei mest gripande.

Med det stillferdige, nesten kviskrande spelet, og med eit intenst lydbilde frå Tatu Rönkkö kjem vi i denne framsyninga tett på psykologien bak vala Medea tar, sjølv om vi framleis ikkje forstår dei. (...) Det er lett å demonisere Medea, men Sara Fellman syner henne som eit rasjonelt og tidvis empatisk menneske, og også med morskjensler for ungane. Difor blir vala hennar også så mykje sterkare.
**KLASSEKAMPEN**



**Medea er kjent som en av de mest komplekse karakterene i teaterhistorien. Hun kan oppleves irrasjonell og det kan være vanskelig å få tak på de egentlige motivene hennes, der Evripides i løpet av dramaet kaster oss rundt i hennes lidenskap, raseri og desperasjon. Men når Fellman hvisker, hveser, nynner og hulker fram Medeas innerste tanker, og det bare er stemmen som dominerer i rommet – er det som vi kommer på innsiden av hennes plagede sinn. Og det er som at hun i det uutgrunnelige blir ekstra menneskelig. (...) Fellmans stemme er så klokkeklart oppmikket at vi får med oss hvert pust, hvert sukk, hver dreining i stemmen. Det er et godt grep, for hun er virkelig en stemmeskuespiller av rang.**

NORSK SHAKESPEARETIDSSKRIFT

## MEDEA

Av
**Evripides**

Regi og romkonsept
**Tatu Hämäläinen**

Romkonsept, lys- og kostymedesign
**Phillip Isaksen**

Komponist og musiker
**Tatu Rönkkö**

Maskedesign
**Paavo Halonen**

Med
**Torbjørn Eriksen, Sara Fellman, Johanna Mørck, Lars Melsæter Rydjord, Boye Mørck Heiberg, Tuva Hamnes Aarø, Lilja Mariell Høyer Berge** og **Aksel Seljeseth Næss**

Premiere 10. februar 2024
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 14
Publikum: 706

# TEATERSJEFENS ÅRSRAPPORT 2024

## Er det ikkje det som er sjølve livet?

Hausten 2024 reiste jordmor Marta Kristine Andersdotter Nesje rundt i Møre og Romsdal med turnébussen til Teatret Vårt. Marta Kristine og dei andre karakterane i framsyninga, *Jordmor på jorda*, har stilt både seg sjølve og publikum «spørsmål som det nesten ikkje er mogleg å finne svar på», som Edvard Hoem formulerer det i romanen. «Slike spørsmål som alle menneske før eller seinare står overfor: Kor lang tid tek det å vinne folks hjarte? Finst det då ingen rett veg som eit rettferdig menneske kan følgje? Livets reknestykke går aldri heilt opp. Den som bøyer av for motstand, svik sitt kall. Men den som skal vinne, må også vera audmjuk. Å vise styrke tar eit år. Å bli audmjuk tar eit liv. Å sigre tar eit liv. Når sigeren er vunnen, er livet forbi. Men det at ein sigra, var det ikkje det som var livet?»

Sjølv om det er spørsmål som det nesten ikkje er mogleg å finne svar på, kan det hende det likevel finst svar. Når vi les, ser teater, høyrer musikk eller opplever kunst, kan vi sjå samanhengar og koplingar vi ikkje har oppdaga før. Ved å sjå verda gjennom blikket og formuleringar til andre, opnar det seg nye rom. Rom som tilbyr ny forståing for oss sjølve og dei rundt oss.

Året 2024 har vist oss at Teatret Vårt spelar ei rolle, ei viktig rolle. Vi skaper augeblikk som betyr mykje for mange, augeblikk som blir fleire og fleire. Når dei blir sett saman i ei scene, ei framsyning, eller i ein sesong eller til sist eit heilt år, så skaper dei samanheng, meining og fellesskap. Då betyr teater noko meir, då spelar Teatret Vårt ei viktig rolle.

I løpet av fjoråret har vi fått dele ei rekke augeblikk på scena saman med publikum i heile Møre og Romsdal. Det er i desse møta at teatret får liv! Vi har halde fram med å utforske nye perspektiv, utfordre grensene for kva teater kan vera, og vi har fortalt historier som angår oss som bur her. I dette har vi gitt rom for både store kjensler og viktige samtalar. Vi har skapt nye tankar, nye svar og dytta oss vidare i liva våre.

Vi starta 2024 med *Til oss fra de eldste* som reiste rundt på samfunnshus i fylket med historier om levd liv, basert på Linn Skåbers bok med same namn. Framsyninga *Medea* spissa spørsmålet om kor langt vi er villige til å gå for hemn, eit spørsmål som kjennest heilt nødvendig å stille i denne verda vi no lever i. Overgangen er stor til *Det mørke fortet* – eit gamingeventyr om Minecraft og vennskap. Framsyninga var produsert i samarbeid med Riksteatret og Hålogaland Teater og traff ungdomane i deira eigen verd. I *Norsk sangbok* oppstod det både magi og forviklingar når den kreative

songgruppa forsøkte å presentere klassikarar frå boka Norsk sangbok og samstundes undersøke det norske fellesskapet anno 2024. For dei minste reiste vi ut med *Teaterrottene*, ei passe rampete barneframsyning om ein rottegjeng som bestemmer seg for å lage teater. Hausten opna med *Jordmor på jorda* som besøkte alle kulturhusa og med den største publikumsinteressa i teateret si historie. Den interaktive framsyninga *Brannen* tok for seg bybrannane i Ålesund og Molde og lot publikum delta både som besøksklasse i 1904 og 1916, og via digital historieforteljing. *Kongen av Veøy* tok for seg livet til eventyraren Jonas Lied og viste fram hans påverknad her heime, men også korleis eit enkelt liv kan prege verdshistoria. Til jul presenterte vi ein heilt nyskriven versjon av *Tonje Glimmerdal*. Då kom endeleg Tonje heim til Møre og Romsdal og gjennom hennar blikk såg vi fylket vårt med nye auge. Med *Hjelp, det er jul igjen* laga vi julekomedie til eit fornøgd og påkopla publikum før julebord, ei øving i fellesskap som både er viktig og nødvendig. Til sist, heilt ved årets slutt, lot vi orda og musikken få fokus i den vesle framsyninga *Piken med svovelstikkene*. Her fann vi tilbake til teatret i si reinaste form der skodespelarane og publikum var tett på og tolka orda saman.

**Teatret Vårt har i 2024 vore eit viktig samlingspunkt for menneske i regionen, uavhengig av alder, bakgrunn og interesser.**

Når vi no tillèt oss å sjå tilbake, er det med stor takksemd. Takksemd over å sjå kva teater kan bidra med i livene våre. Året 2024 har gitt oss mange fleire tilbakemeldingar enn vanleg. Fine kommentarar, mykje godord og takk for framsyningane vi lagar. Det har skjedd i teaterrommet i direkte kontakt med publikum. Men også på alle andre stader; i butikken, på gata, i svømmehallen, på bussen, på skolar, barnehagar for å nemne noko. Dei magiske augeblikka i scenerommet lever lenge etter at framsyninga er slutt. Mange har med seg opplevingane i dagar og veker, ja kanskje år. Dei deler dei med fleire. Slik blir augeblikka levande og lever lenge.

Teateret er ein av få stader der fellesskapet lagar augeblikka saman. Teatersalen er eit lite samfunn i seg sjølv. Vi skapar eit eige lite vi. I teateret er det å vera saman heilt konkret. Å sjå teater saman, det er ei kollektiv oppleving som styrker fellesskapet. Vi deler ei felles erfaring, og den emosjonelle reaksjonen på ei framsyning kan skape eit band mellom menneske, uavhengig av bakgrunn. Teater samlar menneske frå ulike livssituasjonar og byggjer bruer mellom samfunnsgrupper. Vi møtest som enkeltmenneske og går ut som eit fellesskap.



MEDEA

Teater gir oss sjansen til å sjå verda gjennom auga til ulike menneketypar. Dette bidrar til å utvikle empati og forståing for menneske med annan bakgrunn og livssituasjon. Publikum kan oppleve kjensler og perspektiv dei kanskje ikkje er kjende med, noko som kan bidra til personleg vekst. Teater har ei unik evne til å røre ved, utfordre, lære og engasjere. Det er ei kunstform som kan gi oss både djupare innsikt i oss sjølve og verda, samt bidra til å skape eit meir ope og forståingsfullt samfunn. At vi treng det i dag synest meir og meir klart.

Teatret Vårt har i 2024 vore eit viktig samlingspunkt for menneske i regionen, uavhengig av alder, bakgrunn og interesser. Gjennom framsyningane våre, både for vaksne og barn, skaper vi eit opent og felles rom for oppleving og refleksjon. Publikum samlast for å dele på dei emosjonelle og tankefulle opplevingane teateret gir, og dette styrkjer fellesskapskjensla i lokalsamfunnet. Teatret Vårt er ein viktig møteplass for samtalar og tankar i Møre og Romsdal. Vi trur det blir viktigare og viktigare å skape dette rommet, slik at vi saman kan finne svar på alle desse spørsmåla det nesten ikkje er mogleg å finne svar på. For er det ikkje det som er sjølve livet?

**Kristian Lykkeslet Strømskag**
teatersjef



## TRE GRISER OG EN ULV

Av
**Bjørnar Lisether Teigen**

Musikk
**Erik Teigen**

Med
**Sara Fellman, Anne Wiig, Lars Melsæter Rydjord** og **Bjørnar Lisether Teigen**

Premiere 21. juni 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 10
Publikum: 748



## NORSK SANGBOK

Av
**Tormod Carlsen**

Regi, musikalske arrangement, scenografi og lysdesign
**Tormod Carlsen**

Scenografi, kostymedesign og lysdesign
**Heidi Dalene**

Dirigent
**Sara Fellman**

Innstudering musikk
**Sara Fellman** og **Ole Andreas Silseth**

Med
**Sara Fellman, Kjersti Sandal, Ole Andreas Silseth, Bjørnar Lisether Teigen**

Premiere 13. april 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 17
Publikum: 1 404



«Norsk sangbok med visuelt og humoristisk krydder så det rekker»

«Bjørnar briljerer. [ ... ] Han er så god på det infernalske, og heldigvis – i det bruddet som skjer midtveis – er han den spydspissen som risper opp alt det fagre og harmoniske.»

«Sara Fellman, Ole Andreas Silseth og Kjersti Sandal er veldig gode, og de synger fletta av oss i salen [ ... ] en nytelse og se og høre»

«Norsk Sangbok er en konsert. Det er en komedie. Dette er også et forunderlig og absurd lett-dykk i den norske sang-skattekista.»
ROMSDALS BUDSTIKKE

For dei tre framifrå songarane, og ikkje minst songskatten dei tok så godt vare på, var meir enn nok til å få ei skikkeleg feelgood-oppleving
AMUND GRIMSTAD

Stykket har blitt en fascinerende livsreise som makter å fange mye av bokens essens. Livet leves nå og alt vi kan gjøre er i grunnen å få det beste ut av det.

Sandals tilstedeværelse er imponerende. Hun bærer forestillingen, godt hjulpet av et meget solid ensemble.

Sara Fellman er Ingeborg, samt en rekke andre mindre roller. Hun makter å få fram datterens ambivalente forhold til sin mor... Fellman makter å få fram Ingeborgs dilemma på imponerende vis.

De beste øyeblikkene er samtalene med Stina, spesielt når han åpner seg om krigs-traumene. Da er stilheten mellom replikkene til å ta og føle på.
ROMSDALS BUDSTIKKE

Jordmor på jorda er eit særs velspelt monument over jordmoryrket, og samstundes eit illustrerande stykke norges-historie.

Eit mektig kvinneportrett, og eit monument over jordmoryrket.
KLASSEKAMPEN





## JORDMOR PÅ JORDA

Av
**Edvard Hoem**

Dramatisert av
**Morten Borgersen** og
**Kristian Lykkeslet Strømskag**

Regissør
**Morten Borgersen**

Scenograf og kostymedesignar
**Milja Salovaara**

Komponist
**Henning Sommerro**

Koreografi-veileder
**Stian Danielsen**

Lysdesignar
**Geir Hovland**

Med
**Kjersti Sandal, Bjørnar Lisether Teigen, Sara Fellman/Anette Sissener Amundsen, Vidar Sandem, Vivi Sunde, Lars Melsæter Rydjord, Sigmund Njøs Hovind**

Musikere
**Marit Aspås**, cello

**Henning Sommerro** klaver og harmonium

Premiere 30. august 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 32
Publikum: 6 808



## BRANNEN

Av
**Liv Heløe**

Regissør
**Odette Bereska**

Scenograf, lys- og kostymedesigner
**Anja Furthmann**

Komponist og lyddesigner
**Cisser Mæhl**

Teknologiutvikler
**Ben Kirman**

Videodesigner
**Sara Artang**

Med
**Amalie Ibsen Jensen, Ingrid Myhre Løvik, Anne Wiig, Jørn Morstad**

Premiere 26. september 2024
på Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 28
Publikum: 1 228

Produksjonen er et samarbeid mellom Teatret Vårt og PlayOn! Europe.

PLAY ON!

Støttet av Creative Europe Programme of the European Union.

Co-funded by the Creative Europe Programme of the European Union



# Gjenopplevde dramatisk brann: - Virkelig levende

**«Brannen» foregår på flerdimensjonale plan. Ikke minst godt påfunnet at vi publikum blir involvert i en klasseromsituasjon anno 1916.**

**Historisk materiale, godt over 100 år gammelt, og substansen er veldig godt ivaretatt i det perspektivet av fire dyktige skuespillere.**
**ROMSDALS BUDSTIKKE**

«Ei godt formidla og heilt utruleg historie om ein eventyrar, gründer, krigsprofitør og mesen frå vår nære fortid.»
«Per Egil Aske er overtydande som Jonas Lied. Trass i stormannsgalskapen, gir Aske oss eit lågmælt spel. Han tek seg naudsynte pausar for å la historiene søkke, nyttar diskré mimikk og får spesielt godt fram det sjølvopptekne hjå Lied.
Dei faktiske hendingane er sanne, men hovudpersonens tankar om kor viktig han har vore for å endre verdshistoria er nok fylte av urealistisk overmot. Kontrasten mellom røynda og hans eiga oppfatning, og også mellom narsissisten og den nagande tvilen som likevel kan kome mot livets slutt, er spesielt godt formidla.»
KLASSEKAMPEN



## KONGEN AV VEØY

Av
**Erlend Sandem** og **Vidar Sandem**

Instruktør
**Morten Borgersen**

Scenograf og kostymedesigner
**Milja Salovaara**

Lysdesigner
**Jonas P A Fuglseth**

Med
**Per Egil Aske**

Premiere 8. mars 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 28
Publikum: 2 093



# «Erobrer oss publikum totalt»

# «Helt konge!»

**«Denne historien om denne mannen er så utrolig at den rett og slett må fortelles på troverdig måte av en god beretter – og der er Per Egil Aske. Formidabelt!»**
**«Per Egil Aske som Jonas Lied overvant oss publikum i kveld. Strålende!»**
**ROMSDALS BUDSTIKKE**

# RESULTATREKNESKAP

| | NOTE | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | |
| Billett- og programsal | | 4 371 888 | 2 849 687 |
| Sal Kafé Kurt | | 3 170 139 | 2 847 366 |
| Offentlege tilskott | | 57 511 053 | 55 386 495 |
| Anna driftstilskott | | 4 551 481 | 3 469 832 |
| **Sum driftsinntekter** | | **69 604 561** | **64 553 380** |
| | | | |
| **DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| Varekjøp Kafé Kurt | | 1 048 955 | 873 717 |
| Lønnskostnadar inkl sos.kost. | 2 | 35 057 692 | 36 588 797 |
| Materialkostnader | | 1 738 636 | 1 229 286 |
| Sal- og informasjonskostnader | | 2 085 940 | 2 135 006 |
| Kostnadar vedrørende lokale | | 11 512 241 | 10 435 553 |
| Utstyrskostnadar | | 506 460 | 270 683 |
| Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler | 3 | 1 331 552 | 1 163 725 |
| Annen driftskostnad | | 17 331 518 | 11 567 808 |
| **Sum driftskostnadar** | | **70 612 995** | **64 264 573** |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | **-1 008 434** | **288 807** |
| | | | |
| **FINANSINNTEKT/-KOSTNAD** | | | |
| Anna renteinntekt | | 209 423 | 252 444 |
| Anna finansinntekt | | 376 002 | 0 |
| Anna finanskosnad | | 113 248 | 14 594 |
| **Resultat av finansielle postar** | | **472 177** | **237 850** |
| | | | |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **-536 256** | **526 657** |
| | | | |
| Skattekostnad på ordinært resultat | | 0 | 0 |
| | | | |
| **Årsresultat** | | **-536 256** | **526 657** |
| | | | |
| **Overføringar** | | | |
| Avsatt til anna eigenkapital | 4 | 0 | **526 657** |
| Overført fra annen egenkapital | | 536 256 | 0 |
| **Sum overføringar** | | **-536 256** | **526 657** |



## PIKEN MED SVOVELSTIKKENE

Av
**H. C. Andersen**

Med
**Johanna Mørck** og **Bård Watn**

Musikk
**Bård Watn**

Premiere 27. november 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 10
Publikum: 277

# BALANSE

| | NOTE | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **EIGENDELAR** | | | |
| | | | |
| **ANLEGGSMIDLAR** | | | |
| | | | |
| **Varige driftsmidlar** | | | |
| Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr | | 8 187 230 | 8 166 795 |
| **Sum varige anleggsmidlar** | 3 | **8 187 230** | **8 166 795** |
| | | | |
| **Finansielle anleggsmidlar** | | | |
| Investeringer i tilknytta selskap | | 426 000 | 426 000 |
| Investeringar i aksjar og andelar | | 3 000 | 3 000 |
| Andre langsiktige fordringar | | 0 | 745 687 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **429 000** | **1 174 687** |
| | | | |
| **Sum anleggsmidlar** | | **8 616 230** | **9 341 482** |
| | | | |
| | | | |
| **OMLØPSMIDLAR** | | | |
| **Varar** | | | |
| Lager av varar og anna beholdning | | 315 537 | 242 564 |
| **Sum varar** | | **315 537** | **242 564** |
| | | | |
| | | | |
| **Fordringar** | | | |
| Kundefordringar | | 2 578 613 | 833 817 |
| Andre kortsiktige fordringar | | 4 504 834 | 2 735 920 |
| **Sum fordringar** | | **7 083 447** | **3 569 737** |
| | | | |
| Bankinnskott, kontantar o.l. | | 4 829 714 | 7 393 359 |
| Sum bankinnskott, kontantar o.l. | | **4 829 714** | **7 393 359** |
| | | | |
| **Sum omløpsmidler** | | **12 228 698** | **11 205 661** |
| | | | |
| **SUM EIGENDELAR** | | **20 844 928** | **20 547 143** |

# BALANSE

| | NOTE | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| **Innskott eigenkapital** | | | |
| Aksjekapital | 4, 5 | 600 000 | 600 000 |
| **Sum innskott eienkapital** | | **600 000** | **600 000** |
| **Opptjent eigenkapital** | | | |
| Anna eigenkapital | 4 | 7 185 133 | 7 721 389 |
| **Sum opptjent eigenkapital** | | **7 185 133** | **7 721 389** |
| **Sum eigenkapital** | | **7 785 133** | **8 321 389** |
| **GJELD** | | | |
| Andre avsetningar for forpliktelser | | 783 708 | 783 708 |
| **Sum avsetningar for forpliktelser** | | **783 708** | **783 708** |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 2 238 031 | 805 934 |
| Skuldig offentlege avgiftar | | 2 509 405 | 2 361 861 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 7 528 651 | 8 274 251 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **12 276 087** | **11 442 045** |
| **Sum gjeld** | | **13 059 795** | **12 225 754** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **20 844 928** | **20 547 143** |

Molde 26. februar 2025

Leon Jarle Aurdal
styreleiar

Einar Hernborg
nestleiar

Asgeir Berg
styremedlem

Aud Solveig Malmedal Pedersen
styremedlem

Johanna Marie Bækkevold Mørck
styremedlem

Marit Ingvild Aas
styremedlem

Victoria Smenes
styremedlem

Kristian Lykkeslet Strømskag
dagleg leder

# NOTAR

## NOTE 1
## REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatført etter kvar einskild framsyning. Kostnader blir behandla etter samanstillingsprinsippet, dvs. at kostnader tas med i same periode som tilhøyrande inntekt resultatføres.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er forbigåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane.

Varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært over forventa økonomisk levetid.

Aksjar og delar i dotterselskap og tilknytt selskap er oppført til anskaffingskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Varer vurderast til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført. Kostnaden er lik premien.

Selskapet driv kafé. Denne er skattepliktig, medan anna drift er friteken for skatt. Utsatt skattefordel knytta til den skattepliktige delen av verksemda er ikkje ført i balansen.

## NOTE 2
## LØNSKOSTNADAR

| | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Løningar | 26 511 480 | 27 935 201 |
| Folketrygdavgift | 4 254 101 | 5 274 191 |
| Pensjonskostnader | 4 093 926 | 4 203 197 |
| Andre lønskostnader | 198 186 | 176 209 |
| **Sum** | **35 057 693** | **36 588 797** |
| | | |
| Gjennomsnittleg årsverk | 39 | 41 |

## NOTE 3
## VARIGE DRIFTSMIDLER

| | Bilar | Maskiner, inventar | Webside Eiendom | Totalt |
|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 1.1. | 1 199 944 | 6 012 196 | 262 322 | 12 946 486 |
| Tilgang i løpet av året | - 773 049 | 1 196 831 | 137 500 | 1 334 331 |
| Avgang i løpet av året | | -4 959 784 | -289 822 | -6 093 5888 |
| Akkumulerte avskrivninger | | | | |
| Bokført verdi 31.12. | 426 895 | 2 249 243 | 110 000 | 187 230 |
| | | | | |
| Årets avskrivninger | 134 468 | 1 057 215 | 79 069 | 1 331 552 |
| | | | | |
| Avskr.tid | 10 år | 10 år | 3 år | |
| Avskrivningsplan | Lineær | Lineær | Lineær | |

## NOTE 4
## EIGENKAPITAL

| | Aksje-kapital | Annan EK | Sum |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital pr. 01.01. | 600 000 | 7 721 389 | 8 321 389 |
| Årsresultat | | -536 256 | -536 256 |
| Eigenkapital pr. 31.12. | 600 000 | 7 185 133 | 7 785 133 |

## NOTE 5
## TAL PÅ AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydande kr. 2 000,-. Alle aksjar har lik stemmerett.

| Selskapets aksjonærarar er: | Antall | Eigerandel |
|---|---|---|
| Møre og Romsdal fylke | 132 | 44% |
| Molde kommune | 132 | 44% |
| Ålesund kommune | 24 | 8% |
| Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal | 12 | 4% |
| Sum | 300 | 100% |



**Flotte rotter laget latter**
**..humoristisk, empatisk, musikalsk på et meget behagelig nivå...**

**..humoristisk, empatisk, musikalsk på et meget behagelig nivå...**

**Tull, tøys og trivelig teater som spiller for barna, og på barna. Jeg og gikk rett i rottefella – og likte det!**
ROMSDALS BUDSTIKKE

## TEATERROTTENE

Av
**Lina Taule Fjørtoft**

Musikk av
**Toivo Fjose**

Dramaturg og regibistand
**Kristian Lykkeslet Strømskag**

Med
**Lina Taule Fjørtoft** og **Toivo Fjose**

Premiere 18. januar 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 22
Publikum: 408



## DET MØRKE FORTET

Av
**Frode Gjerløw** og **Håkon Dalsbø**

Regissør
**Frode Gjerløw**

Medregissør
**Håkon Dalsbø**

Lysdesigner
**Elisabeth Kjeldahl Nilsson**

Scenograf og kostymedesigner
**Gjermund Andresen**

Komponist
**Raymond Enoksen**

Videodesigner
**Thomas Gallagher**

Dramaturg
**Mariken Lauvstad**

Leder for skuegamere
**Raymond Corrado Knutsen**

Produsent
**Wenche Viktorsdatter Paulsen**

Med
**Jonas Lihaug Fredriksen, Arjan Nilsen, Albertine Lundgren, Raymond Corrado Knutsen** og **Siren Jørgensen**

Minecraft-verdenen skapes av **Skogliv**

Urpremiere i Nydalen, Oslo
16. februar 2024
Turnépremiere Teatret Vårt, Molde
23. februar 2024

Produsert av Riksteatret i samarbeid med Teatret Vårt og Hålogaland Teater. Forestillingen er en av vinnerne av Rikspitch 2021.

Framsyningar: 13
Publikum: 2 763

# Kidsa griper mikrofonen i viktig teaterstykke

**BYPATRIOTEN**




## ER MIKROFONEN MIN PÅ?

Av
**Jordan Tannahill**

Oversettelse for DUS
**Ola E. Bø**

Dramaturgi
**Vilde Traagstad**

Regi
**Zezé Kolstad**

Kunstnerisk medskaper og skuespiller
**Fride Snipsøyr Holøs**

Lysdesign og romkonsept
**Jonas P A Fuglseth**

Kostyme
**Heidi Kverndokk**

Sminke
**Anita Jacobsen Marø**

Med **Ada Haddal Sandnes, Anna Eidem Falkevik, Anton Nerland Storvik, Maria Olave Lillebø Jystad, Nicolas Sylvester Ekroll Erbacher** og **Sina Haagensen Godø** (ungdommer)

**Fride Snipsøyr Holøs** (skuespiller)

Stykket er en del av Den Unge Scenen (DUS) sitt tilbud til ungdom om å spille samtidsdramatikk som setter nærliggende utfordringer for ungdom på dagsordenen.

Samarbeid mellom Jugendteatret ved kulturskolen i Ålesund kommune og Teatret Vårt.

Premiere 8. mars 2024
på Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 8
Publikum: 219

# REVISJONSBERETNING

BDO AS
Nøisomhed
Serviceboks 15
6405 Molde

## Uavhengig revisors beretning

Til generalforsamlingen i AS Regionteatret I Møre og Romsdal

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet til AS Regionteatret I Møre og Romsdal.

| Årsregnskapet består av: | Etter vår mening: |
|---|---|
| • Balanse per 31. desember 2024<br>• Resultatregnskap for 2024<br>• Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper. | • Oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og<br>• Gir årsregnskapet et rettvisende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2024 og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. |

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.



Penneo document key: K1XSH-BGOQT-GMDZM-UUHEH-ITBXM-QF3Y7

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

BDO AS

Henning Rødal
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.



Penneo document key: K1XSH-BGOQT-GMDZM-UUHEH-ITBXM-QF3Y7

# STØTTA AV

KULTURDEPARTEMENTET

Møre og Romsdal fylkeskommune

MOLDE KOMMUNE

ÅLESUND KOMMUNE

KULTURRÅDET Arts Council Norway

PLAY ON

Co-funded by the Creative Europe Programme of the European Union

# GENERALSPONSOR

Sparebanken Møre

# HOVUDSPONSORAR

TINGH

Scandic ALEXANDRA MOLDE

Romsdals Budstikke

Sunnmørsposten

# STATISTIKK 2024

| Eigenproduksjonar | Framsyningar | Publikum |
|---|---|---|
| Teaterrottene | 25 | 1 298 |
| Til oss - fra de eldste | 30 | 2 572 |
| Medea | 14 | 706 |
| Norsk sangbok | 17 | 1 404 |
| Jordmor på jorda | 32 | 6 808 |
| Kongen av Veøy | 28 | 2 093 |
| Brannen | 28 | 1 228 |
| Tonje Glimmerdal | 25 | 3 601 |
| Hjelp, det er jul igjen! | 10 | 829 |
| Tre griser og en ulv | 10 | 748 |
| Piken med svovelstikkene | 10 | 277 |
| Jul på Arbeideren | 1 | 200 |
| Jul på Plassen | 1 | 226 |
| Opplev mer | 43 | 3 831 |
| **SUM EIGENPRODUKSJONAR** | **274** | **25 821** |

| Samproduksjonar | Framsyningar | Publikum |
|---|---|---|
| Er mikrofonen min på? | 8 | 190 |
| Det mørke fortet | 13 | **190** |
| **SUM SAMPRODUKSJONAR** | **21** | |

| Gjestespel | Framsyningar | Publikum |
|---|---|---|
| Melankomiker | 1 | 220 |
| Kakerlakk | 1 | 288 |
| Varm melk og honning | 1 | 80 |
| My dinner with Putin | 1 | 105 |
| Fantorangen | 2 | 368 |
| Styrta engel | 1 | 87 |
| Den vesle bygda | 9 | 1 401 |
| Liv i mor | 3 | 67 |
| Papillon | 3 | 72 |
| Rock me baby | 4 | 299 |
| Per Hansen | 1 | 208 |
| Bare Elling | 1 | 447 |
| **SUM GJESTESPEL** | **28** | **3 642** |
| | | |
| **SUM TOTALT** | **323** | **32 445** |

# NØKKELTAL

**Framsyningar og billettinntekter**

| | |
|---|---|
| Publikum | 32 445 |
| Framsyningar | 323 |
| Billettinntekter | 4 371 888 |
| Tilskott for DKS turnéar | 228 100 |
| Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS | 142 |

**Tilskott**

| | |
|---|---|
| Kulturdepartementet | 35 646 004 |
| Kulturdepartementet (husleige) | 3 155 000 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | 7 651 816 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige) | 2 104 000 |
| Molde kommune | 6 426 000 |
| Ålesund kommune | 1 275 133 |
| Norsk Kulturråd | 975 000 |
| Tilskott DUS | 50 000 |
| **Samla tilskott** | **57 511 053** |

# ØKONOMISK RESULTAT

| | 2024 | 2023 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Inntekter: | | | |
| Billettsal | 4,4 | 2,9 | 2,6 |
| Kafé | 3,2 | 2,8 | 3,0 |
| Anna | 4,5 | 3,5 | 4,2 |
| Tilskott | 57,5 | 55,4 | 54,2 |
| Sum | 69,6 | 64,6 | 64,0 |
| | | | |
| Kostnader | | | |
| Drift | 70,6 | 64,3 | 66,7 |
| Finansk. | -0,5 | -0,2 | -0,2 |
| Ekstraord. | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 70,1 | 64,1 | 66,5 |
| Resultat | -0,5 | 0,5 | -2,5 |
| | | | |
| Eigenkapital pr 31.12 | | | |
| Sum | 7,8 | 8,3 | 7,8 |



## Glimrende Glimmerdal!

ROMSDALS BUDSTIKKE



## TONJE GLIMMERDAL

Av
**Maria Parr**

Dramatisering og regi
**Kjersti Sandal**

Scenograf og kostymedesignar
**Dagny Drage Kleiva**

Lysdesigner
**Jonas P A Fuglseth**

Komponist og lyddesigner
**Sindre Klykken**

Musikar
**Britt Elise Skram**

Maskør
**Maren Togstad**

Med
**Carina Furseth, Anette Sissener Amundsen, Peder Lauvås, Lars Melsæter Rydjord**

Premiere 22. november 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 25
Publikum: 3 601



## Klarte det i år også!

ROMSDALS BUDSTIKKE



## HJELP, DET ER JUL IGJEN!

Manus og regi
**Bjørnar Lisether Teigen, Anne Wiig, Jon Vegard Hovdal**

Med
**Anne Wiig, Jon Vegard Hovdal**

Lysdesign
**Jonas P A Fuglseth**

Musikk
**Erik Teigen**

Premiere 29. november 2024
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 10
Publikum: 829

# REPERTOAR 2024
















## TEATER-ROTTENE

Av
**Lina Taule Fjørtoft**

Musikk av

**Toivo Fjose**

Dramaturg og regibistand
**Kristian Lykkeslet Strømskag**

Med
**Lina Taule Fjørtoft** og
**Toivo Fjose**

Premiere 18. januar 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 22
Publikum: 408

## TIL OSS - FRA DE ELDSTE

Med tekster av
**Linn Skåber** og
**Astrid Overaa**

Med
**Astrid Overaa**

Musiker
**Jan Gunnar Åkre** /
**Gunnar Bjelland**

Regissør
**Eldrid Schrøder Kvalvik**

Premiere 25. oktober 2023
på Teaterfabrikken, Ålesund

Framsyningar: 7 (2023)
Publikum: 535 (2023)
Framsyningar: 30 (2024)
Publikum: 2 572 (2024)

## MEDEA

Av
**Evripides**

Regi og romkonsept
**Tatu Hämäläinen**

Romkonsept, lys- og kostymedesign
**Phillip Isaksen**

Komponist og musiker
**Tatu Rönkkö**

Maskedesign
**Paavo Halonen**

Med
**Torbjørn Eriksen, Sara Fellman, Johanna Mørck, Lars Melsæter Rydjord, Boye Mørck Heiberg, Tuva Hamnes Aarø, Lilja Mariell Høyer Berge** og
**Aksel Seljeseth Næss**

Premiere 10. februar 2024
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 14
Publikum: 706

## NORSK SANGBOK

Av
**Tormod Carlsen**

Regi, musikalske arrangement, scenografi og lysdesign
**Tormod Carlsen**

Scenografi, kostymedesign og lysdesign
**Heidi Dalene**

Dirigent
**Sara Fellman**

Innstudering musikk
**Sara Fellman** og
**Ole Andreas Silseth**

Med
**Sara Fellman, Kjersti Sandal, Ole Andreas Silseth, Bjørnar Lisether Teigen**

Premiere 13. april 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 17
Publikum: 1 404

## TRE GRISER OG EN ULV

Av
**Bjørnar Lisether Teigen**

Musikk
**Erik Teigen**

Med
**Sara Fellman, Anne Wiig, Lars Melsæter Rydjord** og
**Bjørnar Lisether Teigen**

Premiere 21. juni 2024
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 10
Publikum: 748



















## JORDMOR PÅ JORDA

Av
**Edvard Hoem**

Dramatisert av
**Morten Borgersen** og **Kristian Lykkeslet Strømskag**

Regissør
**Morten Borgersen**

Scenograf og kostymedesignar
**Milja Salovaara**

Komponist
**Henning Sommerro**

Koreografi-veileder
**Stian Danielsen**

Lysdesignar
**Geir Hovland**

Med
**Kjersti Sandal, Bjørnar Lisether Teigen, Sara Fellman/Anette Sissener Amundsen, Vidar Sandem, Vivi Sunde, Lars Melsæter Rydjord, Sigmund Njøs Hovind**

Musikere
**Marit Aspås**, cello
**Henning Sommerro** klaver og harmonium

Premiere 30. august 2024 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 32
Publikum: 6 808

## KONGEN AV VEØY

Av
**Erlend Sandem** og **Vidar Sandem**

Instruktør
**Morten Borgersen**

Scenograf og kostymedesigner
**Milja Salovaara**

Lysdesigner
**Jonas P A Fuglseth**

Med
**Per Egil Aske**

Premiere 8. mars 2024 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 28
Publikum: 2 093

## BRANNEN

Av
**Liv Heløe**

Regissør
**Odette Bereska**

Scenograf, lys- og kostymedesigner
**Anja Furthmann**

Komponist og lyddesigner
**Cisser Mæhl**

Teknologiutvikler
**Ben Kirman**

Videodesigner
**Sara Artang**

Med
**Amalie Ibsen Jensen, Ingrid Myhre Løvik, Anne Wiig, Jørn Morstad**

Premiere 26. september 2024 på Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 28
Publikum: 1 228

Produksjonen er et samarbeid mellom Teatret Vårt og PlayOn! Europe.

Støttet av Creative Europe Programme of the European Union.

Co-funded by the Creative Europe Programme of the European Union

## PIKEN MED SVOVEL-STIKKENE

Av
**H. C. Andersen**

Med
**Johanna Mørck** og **Bård Watn**

Musikk
**Bård Watn**

Premiere 27. november 2024 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 10
Publikum: 277

## HJELP, DET ER JUL IGJEN!

Manus og regi
**Bjørnar Lisether Teigen, Anne Wiig, Jon Vegard Hovdal**

Med
**Anne Wiig, Jon Vegard Hovdal**

Lysdesign
**Jonas P A Fuglseth**

Musikk
**Erik Teigen**

Premiere 29. november 2024 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 10
Publikum: 829

## TONJE GLIMMERDAL

Av
**Maria Parr**

Dramatisering og regi
**Kjersti Sandal**

Scenograf og kostymedesignar
**Dagny Drage Kleiva**

Lysdesigner
**Jonas P A Fuglseth**

Komponist og lyddesigner
**Sindre Klykken**

Musikar
**Britt Elise Skram**

Maskør
**Maren Togstad**

Med
**Carina Furseth, Anette Sissener Amundsen, Peder Lauvås, Lars Melsæter Rydjord**

Premiere 22. november 2024 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 25
Publikum: 3 601

# TILSETTE VED TEATRET VÅRT

**Skodespelarar/kunstnarleg tilsette**

| | |
|---|---|
| Sara Fellman | skodespelar |
| Johanna Mørck | skodespelar |
| Lars Melsæter Rydjord | skodespelar |
| Bjørnar Lisether Teigen | skodespelar |

**Engasjerte skodespelarar/kunstnarlege tilsette**

| | |
|---|---|
| Milja Salovaara | scenograf |
| Tatu Hämälainen | sceneinstruktør |
| Tormod Carlsen | sceneinstruktør |
| Astrid Overaa | skodespelar |
| Carina Furseth | skodespelar |
| Heidi Dalane | scenograf |
| Amalie Sofie Ibsen Jensen | skodespelar |
| Anette Sissener Amundsen | skodespelar |
| Anne Bertelsen Wiig | skodespelar |
| Torbjørn Eriksen | skodespelar |
| Peder Lauvås | skodespelar |
| Jørn Mprstad | skodespelar |
| Sigmund Njøs Hovind | skodespelar |
| Lina Taule Fjørtoft | skodespelar |
| Toivo Fjose | skodespelar |
| Ingrid Myhre Løvik | skodespelar |
| Jon Vegard Hovdal | skodespelar |
| Linn Christine Wennersten | skodespelar |
| Dagny Drage Kleiva | scenograf |
| Ole Andreas Silseth | skodespelar |
| Odette Bereska | sceneinstruktør |
| Anja Furtmann | scenograf |
| Tatu Rønkkø | musikar |
| Per Egil Aske | skodespelar |
| Liv Heløe | dramatikar |
| Morten Borgersen | sceneinstruktør |
| Vidar Sandem | skodespelar |
| Kjersti Sandal | skodespelar/sceneinstruktør |
| Vivi Sunde | skodespelar |
| Henning Sommerro | komponist |
| Jan Gunnar Åkre | musikar |
| Gunnar Bjelland | musikar |
| Eldrid Schrøder Kvalvik | sceneinstruktør |
| Phillip Isaksen | scenograf |

**Administrasjon**

| | |
|---|---|
| Bente M. Hoflandsdal | løn- og rekneskapsleiar |
| Even Bjørnsen | billettseljar |
| Saga Elisabeth Løvstrøm | billettseljar |
| Gunn Talstad | sekretær |
| Ingvild Vaagsether | marknadsleiar |
| Knut Lidvard Høgset | direktør |
| Kristian Lykkeslett Strømskag | teatersjef |
| Stine Melbø | formidlingsleiar |
| Mary Farstad | adm.konsulent |
| Monica Hagset | økonomikonsulent |
| Rolf-Inge Pedersen Hjelseth | informasjonsleiar |
| Solveig Dyrnes | salsleiar |
| Zezé Kolstad | kunstnerisk leiar Ålesund |
| Halvard Fiksdal | plansjef |
| Elin Nyheim | produksjonssjef |
| Jeanett Helen Lillevold | produksjonsmedarbeider |
| Ida Eklund | markedsmedarbeider |
| Pia Husøy | innholdsprodusent |

## Teknisk avdeling

| | |
|---|---|
| Aleksandar Panayotov | snikkar/sceneteknikar |
| Elin Berg | leiar systova |
| Henrik S. Solberg | teknikarassistent |
| Ingvar Kristensen | teknikar |
| Jonas P A Fuglset | teknikar |
| Lasse Skrivarhaug | teknikar |
| Svein Larsen | teknisk leiar |
| Tore Hagseth | rekvisitør/scenetekniklar |
| Vilde Ingebrigtsen Pettersen | kostyme |
| Sebastian Wie Murphy | inspisient |
| Morten Røysland Vaagsether | metallarbeidar |
| Tora Heggdal Brevik | inspisient |

## Engasjerte i teknisk avdeling

| | |
|---|---|
| Bergliot Rørvik | rekvisitør |
| Mari Kleppen Watn | rekvisitør |
| Roy Carlsen | teknikar |
| Kick Mentzoni | teknikar |

## Kafé Kurt

| | |
|---|---|
| Asta Navickiene | ekstrahjelp |
| Mohamed Zbidi | kjøkkensjef |
| Pawel Damian Kowalski | kokk |
| Aude Chevet Wollan | kokk |

# STYRET

## Representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

| | |
|---|---|
| Leon Jarle Aurdal | styreleiar |
| Marit Ingvild Aas | styremedlem |
| Victoria Smenes | styremedlem |
| Bente Bruun | varamedlem |

## Representant frå Molde kommune:

| | |
|---|---|
| Einar Hernborg | nestleiar |
| Terje Tovan | varamedlem |

## Representant frå Ålesund kommune:

| | |
|---|---|
| Asgeir Berg | styremedlem |
| Oskar Skulstad | varamedlem |

## Representant frå Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal:

| | |
|---|---|
| Aud Solveig Pedersen Malmedal | styremedlem |
| Reidun Synnøve Flatøy | varamedlem |

## Representant frå dei ansatte:

| | |
|---|---|
| Johanna Marie Bækkevold Mørck | styremedlem |
| Jonas Poul Aspenberg Fuglseth | 1. varamedlem |
| Monica Hagset | 2. varamedlem |

# REPRESENTASJON

**Høstscena, Ålesund Teaterfestival**
Kristian Lykkeslet Strømskag

**Norsk teater- og orkesterforening**
Kristian Lykkeslet Strømskag

**Norsk teaterlederforum**
Kristian Lykkeslet Strømskag
Knut Lidvard Høgset

**Molde Kulturbygg AS**
Leon Jarle Aurdal
Kristian Lykkeslet Strømskag

**Representantskapet Moldejazz**
Kristian Lykkeslet Strømskag

**Aggregat kunstnerfellesskap**
Kristian Lykkeslet Strømskag

TE
ATRE
T VÅRT

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL
Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no